



# MØTEBOK

Organisasjon:	Styre, råd, utval m.v.:	Møtestad:	Dato:
Nordfjord Havn IKS	Hamnerådsmøte	Video/oppmøte NH	30.06.2023

## Hamnerådsmøte 01/23.

Møtte:	Per Kjøllesdal	Leiar	Oppmøte
	Ola Teigen	Medlem	Oppmøte
	Morten Hagen	Medlem	Oppmøte
	Sidsel Kongsvik	Medlem	Digitalt oppmøte
	Torstein Tvinnereim	Medlem	Digitalt oppmøte
	Leidulf Gløppestad	Medlem	Digitalt oppmøte
Andre:	Kristian Skibenes	Hamnestyre leiar	Digitalt oppmøte
	Randi Nore	Azets (10:00-10:20)	Digitalt oppmøte
	Sølve Oldeide	Ass. Hamnedirektør / Ref.	Oppmøte
	Kjell Fagna	Hamnedirektør	Digitalt oppmøte

Møtet satt kl.10:00

- **Innkalling og sakliste godkjent**
- **Underskrift møtebok: Ola Teigen og Morten Hagen**

**Orientering frå administrasjon og styre leiar:** Interport – Cruise – Gangveg – Ny kai lokasjon Stryn – El til kaier i Stryn/Måløy – Strategisk hamneplan – Vindmåler Kystverket –

Skattesaken: Saka var oppe i førre Hamne styremøte, da revisjon av årsrekneskapen var ferdig. Parallelt har det gått ein diskusjon i hamne Noreg om beskatning av hamner organisert som IKS. Selskapet har nytta ekstern bistand for vurdering av temaet, ved Norske Havner og Håkon Riegels. Norske Havner har også knyta til seg bistand ved revisor og skatteadvokat Helge Skogseth Berg frå Lynx advokater. Utgangspunktet er at selskapet må ta ei vurdering av kva som kan være skatte messig aktivitet og legge ved ei omfattande dokumentasjonspakke. Styret har diskutert saka og ønsker å utfordre Skattedirektoratet og skatteetaten ved å sende inn skattemelding der vi oppgjer at selskapet ikkje har skattepliktig aktivitet. Det vil samtidig bli gitt tilstrekkeleg med opplysningar til at skatteetaten kan vurdere dette på sjølvstendig grunnlag. NH vil dermed unngå tilleggsbeskatning om skatteetaten konkluderer annleis enn NH. Norske Havner vurderer å utfordre Skattedirektoratet om slutning om skatt er urimeleg. Vedtak Hamnestyre: Hamne styre godkjenner rekneskap 2022 inkludert note om at hamna vurderast skattefri.



# MØTEBOK

Organisasjon:	Styre, råd, utval m.v.:	Møtestad:	Dato:
Nordfjord Havn IKS	Hamnerådsmøte	Video/oppmøte NH	30.06.2023

## Sak 1/23 Revidert regnskap 2022

Revidert regnskap for 2022 er framlagt og godkjent av hamne styret og framleggas hamnerådet for endelig godkjenning.

Azets hadde ein gjennomgang under møte. Ingen spørsmål til regnskap og revisors rapport.

### Innstilling:

Revidert regnskap for 2021 framleggas hamnerådet for endelig godkjenning.

### Vedtak:

**Einstemmig vedteke.**

## Sak 2/23 Ekstra kostnader - elektrifisere kaier i Måløy

### Saksbeskriving:

I forbindelse med ENOVA støtte vart det tatt opp eit «grønt» lån på 10 millionar godkjent av hamnestyret og seinare rådet. Det viser seg under planlegginga at det ikkje var nok kapasitet på fiskeripiren og fiskerikai øst, noko vi forstod det var i forprosjektet. Linja har lagt fram eit budsjett på 2,1 millionar for å etablere ein ny trafo med nødvendig kapasitet, (sjå Vedlegg 2). Det er undersøkt med ENOVA om vi kan få ekstra støtte til desse kostnadane, noko ENOVA avkreftar skriftleg. Det er mogleg å seie i frå oss den støtta vi har fått på 6,6 millionar og konkurrere på nytt om støtte. Det er ein risiko med det og vi kan i verste fall risikere at vårt prosjekt ikkje får støtte i det heile.

I tillegg har også prisstigninga på komponentar og utstyr vært høg sidan vedtaket, samt lang leveringstid. Slik vi ser det kjem vi ikkje i mål med det budsjettet som vart framlagt for hamnestyret og hamnerådet og beklagar det.

### Innstilling:

Administrasjonen ber styre om ekstra økonomisk tildeling på kr. 3 millionar for gjennomføring av prosjektet. Investeringa blir framlagt hamnerådet og tas over likvide midlar.

Styret vedtok einstemmig å løyve ei ekstra ramme på kr 3 millionar for gjennomføring av prosjektet. Investeringa skal vidare leggest fram for Hamnerådet for endeleg godkjenning. Investeringa tas over likvide midlar.

### Vedtak:

**Einstemmig vedteke.**



# MØTEBOK

Organisasjon:	Styre, råd, utval m.v.:	Møtestad:	Dato:
Nordfjord Havn IKS	Hamnerådsmøte	Video/oppmøte NH	30.06.2023

## Sak 03/ 23                      To nye 200 T pullerter i Olden og Måløy

### Saksbeskriving:

I det årlige evalueringsmøtet mellom Nordfjord Havn og Kystverket v/ losoldermannen blei det fortalt om eit uhell som skjedde i Ålesund. I forbindelse med fortøying vart ein pullert dratt av og pullerten hamna langt ute i bukta. Dagens båtar har større trekraft i forbindelse med fortøying og 50T pullerter er ikkje alltid tilstrekkelig. Det var spesielt i Måløy dei meinte det ville være ein fordel å etablere ein ny 200T pullert. I Olden er det to pullerter som står inne på det trafikale området og er malplassert frå tidlegare. Det er et ynskje å demontere disse to pullertene og erstatte disse med ein ny 200T pullert.

Administrasjonen har bedt konsultentselskapet Tømmerdal å lage eit prosjekt som kan sendes ut på anbod under føresetnad at hamne styret og rådet godkjenner investeringa. (Sjå vedlegg 3). Den konkrete kostnaden er ukjent inntil vi får tilsvar frå eventuelle leverandører, men av tidlegare erfaringar estimerer vi kostnaden til å være opp til 2,5 millionar for begge pullertene.

### Innstilling:

Administrasjonen ber styre om kr. 2,5 millionar for gjennomføring av prosjektet. Investeringa blir framlagt hamnerådet og tas over likvide midlar. Skulle kostnaden overstige dette beløpet, blir det ingen igangsetting før styret er konsultert.

### Vedtak Hamne styre:

Styret vedtok einstemmig å løyva kr 2,5 millionar for to nye 200 T pullerter i Olden og Måløy. Investeringa skal vidare leggas frem for Hamnerådet for endelig godkjenning. Investeringa tas over likvide midlar.

Etter at dette vedtaket vart gjort i styret var det berre ein leverandør som la inn bod på jobben og den var rett i overkant av 3.000.000. Selskapet som la inn bod er bedt om det er områder dei kan redusere prisen, samtidig som styret behandlar ei ekstra løyving på styremøtet d. 23 juni i år.

### Vedtak:

**Einstemmig vedteke.**



# MØTEBOK

Organisasjon:	Styre, råd, utval m.v.:	Møtestad:	Dato:
Nordfjord Havn IKS	Hamnerådsmøte	Video/oppmøte NH	30.06.2023

## Sak 04/ 23 Utgreiing av ny kai i Stryn kommune

### Saksbeskriving:

Viser til ei sterk utvikling med cruise i indre Nordfjord. Det er nærmare 50 anløp på tender i 2023 som viser behov for ei ny kai. (Sjå vedlegg 5 - utvikling)

Det har i lengre tid vært ein dialog med administrasjonen om behovet for å vurdere bygging av ei kai nummer 2. Den 23 mars blei det gjort eit vedtak i kommunestyret der det er ønskelig at Nordfjord Havn lokaliserer områder som er teknisk mogelig å etablere ein ny cruise kai i kommunen.

For at Nordfjord Havn skal være i stand å utføre dette er det ein del tekniske utgreiingar som må gjennomførast som eit minimum. Blant anna GEO teknisk undersøking. Det er ein grunnpris på ca. 200.000 og deretter 50.000 for kvar boring inklusive analyse.

Resultata frå undersøkinga vil gje ein god indikasjon på kva måte kaien kan byggas på i det aktuelle området eller om det i det heile er egna for formålet. Viser også til vedtak i hamne styret (H07/21 –vedlagt) der styret gjorde vedtak om bruk av 500.000 som eit bidrag til å starte regulering i Loen. På den tida var det vanskelig å få dei nødvendig konsultentselskapa til å utføre undersøkinga, samtidig som det blei ein del negative avisoppslag. Forprosjektet vart utsatt i på vente av et kommunalt vedtak. Det kunne være ein tanke å sjå dette vedtaket i samheng med det vedtaket som kommunen gjorde d. 23 mars. Det vil mest sannsynlig være behov for ytterligere 500.000 for å få gjort nødvendige undersøkingar på aktuelle lokasjoner.

### Innstilling:

Administrasjonen ber styret vurdere ei bevilling på kr.1.000.000 der 500.000 som vart løyvd (SAK H07/21) vert omdisponert og er ein del av dette vedtaket. Investeringa blir framlagt hamnerådet og tas over likvide midlar.

### Vedtak Hamne styre:

Styret vedtok å bevilge kr 1 million for å gjøre undersøkelser vedr mulige lokasjoner for ny cruisekai i Stryn kommune. Investeringa skal vidare legges frem for Havnerådet for endelig godkjenning. Investeringa tas delvis fra likvide midler og resterende fra tidligere vedtatte midler fra SAK H07/21.

### Vedtak:

**Einstemmig vedteke.**

Møte avslutta kl. 11:20.



# MØTEBOK

<b>Organisasjon:</b> Nordfjord Havn IKS	<b>Styre, råd, utval m.v.:</b> Hamnerådsmøte	<b>Møtestad:</b> Video/oppmøte NH	<b>Dato:</b> 30.06.2023
--	---	--------------------------------------	----------------------------

---

Per Kjøllesdal

---

Ola Teigen

---

Morten Hagen

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokumentet er signert med Addo Sign sin sikre digitale signatur. Underskriverens identitet er fysisk registrert i det elektroniske PDF-dokumentet og er vist nedenfor.

## Underskrivere

 bankID



**Ola Teigen**

9578-5998-4-1469242

06.07.2023 15.04

 bankID



**Morten Andreas Hagen**

9578-5999-4-829523

07.07.2023 01.08

 bankID



**Per Atle Kjøllesdal**

9578-5993-4-2585538

07.07.2023 09.38

## Dokumenter i transaksjonen

Møtebok Havneråd 01-23.pdf

*Dette dokumentet*

 Addo Sign

Dokumentet er digitalt signert med Addo Sign sikker signeringstjeneste. Signaturbeviset i dokumentet er sikret og validert ved å bruke den matematiske hash-verdien til originaldokumentet.

Dokumentet er låst for endringer og tidsstemplet med et sertifikat fra en klarert tredjepart. Alle kryptografiske signeringsbevis er innebygd i PDF-dokumentet i tilfelle de skal brukes til validering i fremtiden.

### Hvordan verifisere ektheten til dokumentet

Dokumentet er beskyttet med et Adobe CDS-sertifikat. Når dokumentet åpnes i Adobe Reader, vil det se ut til å være signert med Addo Sign signeringstjeneste.